

20

4. OKTOBER  
1979

# Fiskets Gang



# Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

65. ÅRGANG  
NR. 20 - 4. OKT. 1979  
Utgis hver 14. dag  
ISSN 0015 - 3133

**Redaktør:**

GUNNAR GUNDERSEN  
Avdelingsdirektør

**Redaksjon:**

SIGBJØRN LOMELDE  
DAGMAR MELING  
GUNNAR NØDING  
KNUT ANDREAS SKOGSTAD

**Fiskets Gangs adresse:**

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185, 5001 Bergen  
Telf.: (05) 23 03 00

Trykk: A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementsprisen på Fiskets Gang er kr. 90.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 110.00 pr. år.

**PRISTARIFF FOR ANNONSER:**

Tekstsider:

1/1 kr. 800	1/4 kr. 225
1/2 kr. 400	1/6 kr. 150
1/3 kr. 300	1/8 kr. 125

Omslagets 4. side (1/3 s.) kr. 400.

VED ETTERTRYKK FRA  
FISKETS GANG  
MÅ BLADET OPPGIS  
SOM KILDE  
ISSN 0015-3133

## INNHold — CONTENTS

<b>Ressursoversikten 1979</b> Marine resources — yearly report from the Marine Research Institute	599-617
<b>Norsk-arktisk torsk</b> Norwegian-arctic cod	601, 603
<b>Atlanto-skandisk sild</b> Atlanto-scandian herring	606
<b>Nordsjømakrell</b> North Sea-mackerel	608
<b>Lodde</b> Capelin	610
<b>Sei</b> Saithe	612
<b>Øyepål/tobis</b> Norway pout/Sandeei	613
<b>Reker</b> Prawns	614
<b>Eksportauke på 30 prosent av norsk klippfisk til Brasil</b> Norwegian export of «baccalao» increases by 30 % in 1979	619
<b>Fiskeridepartementet passerer 1 milliard kroner i 1980</b> The Ministry of Fisheries gets 1 milliard kroner from the Norw. National Budget in 1980	621
<b>Lover og forskrifter</b> Laws and regulations	623
<b>Nye fiskefartøyer</b> New fishing vessels	625
<b>Fisket i Hordaland — siste års utvikling</b> The fishing industry in Hordaland — an outline	626

Framsidedfoto: Sigbjørn Lomelde

# RESSURSOVERSIKTEN 1979

Havforskningsinstituttet presenterer i disse dager et nytt bidrag til serien av årlige ressursoversikter. Den fullstendige ressursoversikten blir trykket i Havforskningsinstituttets publikasjon «Fisken og Havet», redigert av Erling Bratberg.

De fleste av ressursene som det norske fisket er basert på, er etter det nye havreltsregimet fellesbestander som vi deler med andre nasjoner. Det forskningsarbeidet som ligger til grunn for overvåkingen av bestandene og vurderingen av beskatningstilstanden er stor i utstrekning internasjonalt, og bestandsanalysene er organisert i et system av arbeidsgrupper, de fleste i regi av Det Internasjonale Havforskningsråd. Tidsrammen for denne virksomheten har i år vært noe forskjøvet i forhold til tidligere år, og ressursoversikten er derfor blitt noe forsinket. Målsettingen med

denne forskyvningen av systemet er å få et bedre og mer tidsmessig grunnlag for vurdering av bestandstilstandene i 1980.

«Fiskets Gang» bringer på de neste sidene et sammendrag av ressursoversikten. Sammendraget står for redaksjonens regning, og for alle som vil ha mer utfyllende opplysninger henviser vi til «Fisken og Havet» som kan fås ved å henvende seg til Havforskningsinstituttet.

Det er tildels meget dystre utsikter vi finner i årets ressursoversikt. I egne artikler tar vi for oss de forskjellige fiskeslag, la oss bare her i enkelte stikkord beskrive situasjonen:



## NORDSJØSILD

Fisket i Nordsjøen bør forbys også i 1980. Sildefisket i Skagerrak og Kattegat bør begrenses. Forbud også vest for 4 grader.


## MAKRELL

Bestanden i alvorlig fare. Helst totalforbud i Nordsjøen i 1980. Et eventuelt fiske bør ikke gå over 50 000 tonn. Bedre situasjon for den vestlige bestanden.



## BRISLING

Omtrent samme grunnlag for brisling-fisket neste år.



## LODDE

Foreløpig ser ressursgrunnlaget for sommeren 1980 og vinteren 1981 ut til å bli dårlig.


## ATLANTO-SKANDISK SILD

Gytebestanden er redusert fra 1977 til 1979. Sterk 76-års-klasse ventes å rekruttere til gytebestanden i 1980.



## KOLMULE

Fortsatt god bistands-situasjon.




## NORSK-ARKTISK TORSK

Situasjonen er meget alvorlig. Kraftig reduksjon i kvotene. Det blir tatt alt for mye ungfisk. Fare for fullstendig sammenbrudd i midten av 80-årene.

## NORSK-ARKTISK HYSE

Gytebestanden er blitt overvurdert. Forslag om store kvotereduksjoner.



## UER

Ikke rom for direkte fiske langs norskekysten og i Barentshavet. Betydelige kvotereduksjoner.

## INDUSTRI TRÅLFISKET

Forholdsvis bra utsikter for dette fisket.

## SEI NORD FOR STAD

Utbyttet i 1980 trolig på samme nivå som i år. Fisket på yngre årsklasser bør reduseres.

#### SEI I NORDSJØEN

Ingen direkte fare for gytebestanden, men totalt er beskatningen for høy til å gi maksimalt langtidsutbytte.

#### LANGE, BLÅLANGE, BROSME

Ingen klare endringer i ressursgrunlaget.

#### TORSK, HYSE, KVITING

Nordsjøfisket etter disse artene bør reduseres noe i 1980. Men langt igjen til Norge tar sine kvoter.

#### BLÅKVEITE


Kvoten av norsk-arktisk blåkveite bør reduseres til nær det halve.

#### REKER

Ressursgrunlaget omtrent det samme i 1979 som i -78.

#### SEL

Ingen fare for selbestandene.



## Reduksjon av uerkvotane i 1980

For å halde gytebestanden på noverande nivå har Det Internasjonale Havforskningsrådet tilrådd ein kvote på 19 000 tonn uer langs norskekysten og i Barentshavet i 1980 og ein kvote på 81 000 tonn i områda ved Bjørnøya og Spitsbergen nord for 75 gr. 15 min. nord og vest for 20 gr. aust.

Den låge kvoten langs norske-


kysten og i Barentshavet gir ikkje rom for direkte uer-fiske i dette området. Det er i dette området vi finn den «vanlege» ueren, medan ein annan type, snabelueren, dominerer i det nordlege området.

Etter 1974 har både gytebestand og total bestand av vanleg uer blitt redusert (18 og 19 prosent). Der- som det ikkje blir fiska meir i år

enn den tilrådde kvoten (22 000 tonn), reknar ein med at gytebestanden i 1980 vil vere 148 000 tonn, og totalbestanden 311 000 tonn.

I førstninga av 1979 rekna ein med at gytebestanden av snabel- uer var 87 000 tonn. Under føreset- nad av at det ikkje blir fiska meir enn den tilrådde kvoten i 1979 (135 000 tonn), vil gytebestanden i 1980 vere 84 000 tonn og totalbe- standen 847 000 tonn.

Det norske fisket etter uer er svært lite, og utgjorde i 1978 knap- pe 8 000 tonn av ein totalfangst på om lag 120 000 tonn. Det meste av dette blir tatt av Sovjet.



Landingar av uer frå det nordaustlege Atlanterhav fordelt på område. 1) Total- kvantum (område I+IIa+IIb). 2) Aust-Finnmark—Barentshavet (område I). 3) Bjørnøya—Spitsbergen (område IIb). 4) Norskekysten Stad—Nordkapp (område IIa).

### Det kan fiskes mer taggmakrell

Årlig bør det kunne fiskes i alt 15—20 000 tonn taggmakrell, men etter to gode år i 1973 og -74 blir det nå tatt langt mindre taggmakrell enn dette. I fjor tok Norge bare knapt 1 000 tonn.

Det er hovedsaklig Norge som fisker taggmakrell i området fra Skagerrak og nordover til Shetland og Tampen. Dette fisket er fremdeles å betrakte som et bifiske under ringnotfisket etter makrell. Fangstene av taggmakrell i perioden 1970—78 er tatt på felta der makrell-snurperne vanligvis driver.

*Hvis ikke ungfisken reduseres:*

## Bestanden av norsk-arktisk torsk kan bryte helt sammen i midten av 80-åra

Større maskevidde gir høyere kvoter

Dersom ikke ungfisken etter norsk-arktisk torsk reduseres straks, kan vi allerede nå forutsi at gytebestanden vil bli meget lav i midten av 80-åra. Hvis fisket etter ungfisk fortsetter på

samme nivå som i 1970-åra, er det alvorlig fare for at gytebestanden av norsk-arktisk torsk vil bli så lav at hele bestanden kan bryte sammen. I de nærmeste åra er det all grunn til å

vente lave kvoteforslag fra havforskerne. Hvor lave forslagene kommer til å bli, er blant annet avhengig av om maskevidden i trål blir økt. Større maskevidde vil medføre høyere kvoteforslag.

Det er den klare og alvorlige konklusjonen som Havforskningsinstituttet gir i Ressursoversikten. Som kjent har Det Internasjonale Havforskningsrådet allerede anbefalt en kvote norsk-arktisk torsk i 1980 på 390 000 tonn, forutsatt at maskevidden i trål blir økt fra 120 til 155 mm. For 1979 var havforskernes tilråding på 600 000 tonn, mens avtalen mellom Sovjet og Norge fastsatte kvoten til 700 000 tonn. Dette er en avtale som vil kunne føre til en ugunstig utvikling av gytebestanden. Men ettersom totalfangsten i 1978 ble ca. 166 000 tonn lavere enn kvoteanbefalingen, vil dette kunne motvirke virkningen av at kvoten for 1979 ble hevet til 700 000 tonn.

### Nedgang i gytebestanden

Nedgangen i gytebestanden fra 1978 til 1979 er beregnet til 34 prosent. Dersom det blir tatt 700 000 tonn i 1979 er det grunn til å regne med at gytebestanden vil bli redusert med nye 34 prosent, fra 303 000 tonn i 1979 til 200 000 tonn i 1980. Det er meget viktig å hindre en videre nedgang i gytebestanden. Havforskningsrådet har derfor også anbefalt at fiskeinnsatsen i 1980 bør reduseres med 20 prosent, og at maskevidden økes til 155 mm. På denne bakgrunn er anbefalingen om en totalkvote på 390 000 tonn gitt. Dersom denne anbefalingen blir fulgt, vil gytebestanden og den totale fiskebare bestand øke med henholdsvis 15 og 3 prosent fra 1980 til 1981, heter det i ressursoversikten.

Videre blir det slått fast at gytebestanden bare kan nå det lang-



I midten av 1980-åra kan norske fiskere oppleve at bestanden av norsk-arktisk torsk bryter helt sammen. Bare drastiske tiltak kan nå berge den norsk-arktiske torsken som er selve livsgrunnlaget for deler av kystbefolkningen i Nord-Norge.

siktige nivå vi ønsker dersom beskatningsmønsteret blir betraktelig forbedret eller at innsatsen øyeblikkelig blir redusert til et mye lavere nivå.

#### Stenging av områder

Ikke bare økt maskevidde kan redusere fisket etter ungtorsk. I tillegg er det ønskelig å kunne stenge områder for fiske i visse perioder når småfisk dominerer.

Dette er et virkemiddel som Norge bl.a. tok i bruk på Nordkappbanen sist vinter. Det har også vært vurdert om økt minstemål på fisken kan medvirke til redusert beskatning av den yngste fisken. Streng håndheving av et slikt minstemål vil sannsynligvis øke mengden av utkast av småfisk. Minstemål aleine vil derfor neppe medvirke til å redusere ungfisket.

ring av bestandens størrelse. Dette har ennå ikke gitt resultater og følgelig har instituttet foreløpig intet grunnlag for en vurdering av bestanden.

#### Finnhval

Hvalfangstkommisjonens vitenskapelige komité inndeler finnhvalen i det nordlige Atlanterhav i 7 forskjellige bestander. Kjennskapen til disse bestander er mangelfull, men en foreløpig vurdering i 1978 førte bl.a. til en anbefaling om at bestanden i Nord-Norge ikke burde beskattes med mer enn 61 dyr, og dette ble vedtatt som kvote av kommisjonen. Den såkalte Vest-Norge / Færøyene-bestanden ble totalfredet, det samme gjaldt Nova Scotia-bestanden. For de andre bestandene ble det anbefalt mindre kvoter. Dette gjelder Newfoundland/Labrador-bestanden (90 dyr), Vestgrønlands-bestanden (20 dyr), Austgrønland/Islandsbestanden (304 dyr), Spania—Portugal—Britiske øyers bestand (fangst på nåværende nivå).

## Stabil bestand av de fleste hvalarter

Ut fra de råd den vitenskapelige komité hadde gitt, fastsatte Den Internasjonale Hvalfangstkommi-

sjon følgende kvoter for vågehval i det nordlige Atlanterhav for sesongen 1979:

Nordamerikansk bestand . . . . .	48 hval
Vestgrønlands bestand . . . . .	394 »
Østgrønland, Island og Jan Mayen-bestand . . . . .	320 »
Svalbard—Norge—Britiske øyers bestand . . . . .	1790 »
<b>Totalt</b>	<b>2552 hval</b>

Dette betyr en reduksjon på 3 dyr i forhold til sesongen 1978.

Kvotene i områdene ved Island og Grønland ble fordelt etter forhandlinger mellom Danmark, Island og Norge. Ved Vestgrønland blir kvoten delt med 319 dyr til Grønland og 75 dyr til Norge.

Kvoten av Østgrønland-, Island- og Jan Mayenbestanden ble delt med 200 dyr til Island og 120 til Norge. Hele kvoten for Svalbard—Norge—Britiske øyers bestand kan fanges av Norge. Norges totale kvote for sesongen 1979 blir da 1985 vågehval.

en anmodning til fangerne om innsamling av biologisk materiale og rapportering av observerte hval for å skaffe grunnlag for en vurde-

## Teikn som tyder på at kolmulestammen aukar

**Førebels resultat frå Havforskningsinstituttet sine kolmule-tokt i år, tyder på at kolmulestammen ikkje er blitt redusert sidan 1974 då ein vurderte kolmulestammen til å vere på kring 6 millionar tonn. Målingane i år tyder heller på ein viss auke i kolmulestammen, går det fram av Ressursover-sikten.**

Under gytesesongen i år var to norske leite- og forskingsbåtar på kolmulefelta. Kolmula var noko annleis fordelt i år enn tidlegare år. Årsaka til dette kan vere at temperaturen i sjøen var kring 1 grad lågare enn vanleg de siste åra. Kolmula stod temmeleg djupt og trakk inn mot bakkekanten først omkring månadsskiftet mars/april. Sør for Porcupinebanken, vest av Irland, var det svært svake registreringar. Dei første fangstane vart tatt på nordsida av denne ban-ken 2. april.

I siste halvdel av april gjekk eit nytt tokt på felta frå vest av Skottland til Færøyane. Langs bakkekanten vart det registrert gode førekomstar, best nord av St. Kilda. Om natta stod kolmula i tette slør frå ca. 250 m til 550 m djup. Om dagen samla den seg på 350 m djup. Kolmula trakk nordover etter vanleg mønster.

Om lag 50 norske båtar deltok i kolmulefisket i 1979, og det vart fiska nær 200 000 tonn, — 50 000 tonn meir enn i 1978.

I 1978 vart det i alt fiska om lag 574 000 tonn kolmule på felta vest av Storbritannia, i Nordsjøen, Norskehavet og Biscaya. Dette var nær ei dobling av fangsten i høve til 1977. Noreg tok mest kolmule i 1978, deretter følgde Sovjet med nesten like mykje, Danmark, Færøyane, Island, Spania og Vest-Tyskland.

#### Bottlenose

Hvalfangstkommisjonen vedtok at denne bestanden fortsatt skal være totalfredet.

#### Spekkhogger

Etter avslutningen av den ordinære fangstsesongen den 31. august, ble det i 1978 gitt dispensasjon for fangst av spekkhoggere til de norske konsesjonshavere som var interessert. Bakgrunnen for denne dispensasjonen var antagelsen av at bestanden har økt i senere år, og at den utgjør en fare for den oppvoksende sildestamme. I forbindelse med dispensasjonen sendte Havforskningsinstituttet ut

Havforskningsinstituttet påviser:

## Klar sammenheng mellom økt fiske av ungtorsk og ulovlig maskevidde

Ved å se på størrelsen av fisken i fangstene av torsk fra Barentshavet, har Havforskningsinstituttet funnet en størrelses-sammensetning som vanskelig kan forklares med mindre de gjennomsnittlige effektive maskeviddene har vært betydelig lavere enn den påbudte minimumsmaskevidden.

De internasjonale og nasjonale trållinspeksjonene har vist at det har forekommet alvorlige brudd på maskeviddebestemmelsene i perioden 1967—1977 for alle de store trållfiskeriene i Barentshavet. De beregninger som er presentert i tabell 1 gir en idé om hvor alvorlige disse bruddene har vært. Den beste beregningen for Sovjetsfiske i det østlige Barentshav gir f.eks. en effektiv maskevidde på 90 mm og tilsvarende 111 mm i det vestlige Barentshavet. Nasjoner utenom Norge, Sovjet, V.Tyskland og Storbritannia har hatt en effektiv maskevidde på 98 mm i Barentshavet sett under ett.

Et veid gjennomsnitt gir en effektiv maskevidde på ca. 100 mm for hele det internasjonale trållfisket under ett. Beregningene viser videre at snurrevad har en effektiv maskevidde som ligger nær den påbudte minimumsmaskevidde på 110 mm. Spesielt garn, men også line og juksa har en høy effektiv «maskevidde» som er gunstig sett

fra et beskatningsmessig synspunkt. Alle fiskeriene sett under ett har hatt en effektiv maskevidde på ca. 110 mm i årene 1967—1977.

### «Effektiv maskevidde»

For det første er det som her er kalt den effektive maskevidde ikke

nødvendigvis den som måles på vanlig måte. F.eks. vil store fangster av uer eller flyndre kunne senke den effektive maskevidden overfor torsk og hyse. For det andre så er det de gjennomsnittlige effektive maskeviddene for perioden 1967—1977 og ikke de nåværende effektive maskeviddene som beregnes. For det tredje er fangstene fra de konvensjonelle redskapene line, juksa og garn behandlet som om de var tatt med trållredskaper. Den oppgitte effektive «maskevidden» for et av disse redskapene er da å forstå som den effektive maskevidden et trållfiskeri ville ha brukt dersom det hadde tatt fangster med de samme lengde- og alderssammensetningene.



Norske trålere må regne med en reduksjon i fangsten første året etter at maskevidden økes, men alle trållerflåter unntatt den sovjetiske kan regne med betydelig fangstøkning etter noen få år.

I beregningene av de effektive maskeviddene inngår konstanter som angir ved hvilken størrelse fisken er tilgjengelig for de forskjellige fiskerier. Likeledes er det tatt hensyn til at i enkelte fiskerier blir mindre fisk kastet over bord. Disse konstantene er valgt ut fra uavhengige undersøkelser og ut fra kjennskap til fiskeriene og fiskens adferd. For de fiskeriene der den effektive maskevidden er betydelig mindre enn den lovlige maskevidden, har en vært «forsiktig» i fastsettelsen av konstantene slik at det er mer sannsynlig at den beregnede effektive maskevidden er for høy enn for lav (Tabell 1, andre kolonne). Resultatene av beregningene er som det er rimelig å vente, avhengig av de konstanter som velges. Ved å velge de mest «forsiktige» konstanter for alle fiskeriene, kan en få en beregning av hva de effektive maskeviddene maksimalt kan ha vært i perioden 1967—1977. Resultatene fra disse beregningene er gitt i tredje kolonne i tabell 1.

Fig. 1. Fiskedødeligheten på 3 og 4 års gammel torsk i perioden 1950—1978.





Fig. 2. Total internasjonal fiskeinnsats etter torsk og hyse i perioden 1950—1978.



#### Beskatningsmønsteret og fiskeinnsatsen

Fig. 1 viser at fiskedødeligheten på 3 og 4 år gammel torsk har økt betydelig etter 1970. Et eksempel kan illustrere det ufornuftige i å beskatte denne umodne ungfisken. Anta at en årsklasse av torsk består av 600 millioner på 4-årsstadiet som er nær gjennomsnittlig årsklassestyrke de siste 30 årene. Disse 600 millioner 4-åringer representerer en vekt på 600 000 tonn, når en regner 1 kg som gjennomsnittsvikt pr. fisk. Av disse 600 millionene ville ca. 55 prosent dø naturlig før de blir 8 år gamle og kjønnsmodne dersom de ikke ble fisket på i mellomtiden. Den gjenværende torsken ville ha økt sin gjennomsnittsvikt til 4,7 kg, og årsklassen ville representere en vekt på ca. 1 300 000 tonn. Av disse 1 300 000 tonn kunne en f.eks. velge å fiske 800 000 tonn, 200 000 tonn mer enn det en teoretisk kunne oppnådd dersom en ønsket å ta ut all fisken som 4-åringer. Likevel ville det være 500 000 tonn igjen som ville kunne gyte.

#### Fisken konsentrert om ungfiske

Fig. 2 viser hvordan den totale internasjonale fiskeinnsatsen i fisket etter norsk-arktisk torsk og

hyse har utviklet seg etter 1946. Fiskeinnsatsen i 1970-årene har i gjennomsnitt vært 101 prosent større en hva den var i 1950-årene. Denne økningen i fiskeinnsatsen har bare i liten grad skjedd i Bjørnøya—Spitsbergenområdet, en del økning har det vært i området langs norskekysten fra Vestfjorden til Nordkapp. Den største økningen i fiskeinnsatsen har imidlertid kommet i ungfiskområdene i det østlige Barentshav.

For torsk har det gjennomsnittlige ilandbrakte årskvantum sunket fra 875 000 tonn i 1950-årene til 819 000 i 1970-årene. For hyse er de tilsvarende tall 140 000 tonn og 165 000 tonn. Samlet her det ilandbrakte kvantum av torsk og hyse vært 3 prosent lavere i 1970-årene enn i 1950-årene, dette til tross for at den totale internasjonale fiskeinnsatsen har vært dobbelt så stor i 1970-årene.

Beskatningen av norsk-arktisk torsk og hyse har altså blitt klart mer ugunstig. Dette har skjedd ved at fisket er blitt mer konsentrert på ungfisk enn tidligere, noe som er mulig gjort ved at den effektive maskevidden har vært betydelig mindre enn den fastsatte. P.g.a. det økte fisket på ungfisken fikk man ikke den sterke økningen i gytebestanden av torsk i 1977—

1979 som var ventet ut fra de store 1969- og 1970-årsklassene. Videre er innsatsen økt langt utover det som trengs for å høste disse bestandene maksimalt på lengre sikt.

Uten at fiskeinnsatsen forandres, vil en maskeviddeutvidelse til 155 mm medføre at langtidsutbyttet av torsk stiger med ca. 30 prosent og ca. 20 prosent for hyse. Den gjennomsnittlige størrelsen på gytebestanden vil antagelig mer enn fordobles både for norsk-arktisk torsk og hyse.


#### Økt maskevidde gir økt fangst

Etter en utvidelse av den effektive maskevidden til 155 mm, vil trålerne få en nedgang i fangst pr. tråltime det første året, men alle trålerflåter unntatt den sovjetiske kan regne med en betydelig økning av fangst pr. tråltime etter noen få år. Beholdes fiskemønsteret i det sovjetiske trålfisaket i det østlige Barentshav, vil gevinsten på lengre sikt bli minimal for dette fiskeriet. Forskyves det sovjetiske fiske til vestlige felter, vil også dette fiske høste store fordeler av en maskeviddeøkning. De konvensjonelle redskapene garn, line og juksa vil være de som sterkest vil merke en økning i bestandsgrunnlaget av torsk og hyse. Deres økning i fangst pr. enhet fangstinnsett kan komme opp i 50—100 prosent.



Vi fisker alt for mye ungfisk, sier havforskerne, men denne ruggen er ikke akkurat noen 3-åring.





Ulovlig maskevidde må være benyttet i stor grad i Barentshavet. Lengdemålinger av fangstene viser dette.

Det øyeblikkelige tapet trålerne vil få som følge av en maskeviddeøkning, vil bli lavere enn det teoretiske ved at fangbarheten av den større fisken erfaringsmessig øker når maskevidden i trålen økes. En forskyvning av fiskefeltene vestover samtidig med at maskevidden økes, vil også kunne redusere det øyeblikkelige tapet.

Det er flere fordeler ved å spare ungfisk, hvilket kan oppnås ved å øke maskevidden i trålerredskapene (snurrevad inkludert) og ved å trappe ned den totale internasjonale fiskeinnsatsen. Fordelene kan oppsummeres i tre hovedpunkter:

#### 1) Større gytebestand

på lengre sikt. Dette vil redusere faren for et sammenbrudd i bestanden, slik en har sett for andre fiskebestander. Videre vil en større gytebestand i gjennomsnitt gi bedre årsklasser og antagelig mindre variasjoner i årsklassenes styrke.

#### Større langtidsutbytte

Som en følge av større gytebestand og at fiskens vekst vil utnyttes bedre, kan det ventes at langtidsutbyttet vil øke, og at kvotene vil variere mindre fra år til år. Et betydelig mindre utkast av småfisk i en del fiskerier som følge av en

maskeviddeutvidelse vil også bidra til et høyere langtidsutbytte.

#### Bedre vitenskapelige prognoser

Bedringen vil gjelde både nøyaktigheten og lengden av den tidsperioden det til enhver tid kan gis prognoser for.

Tabell 1.

Effektiv maskevidde brukt i Barentshavet og tilstøtende områder i perioden 1967—1977. Beregningene er basert på lengdefordelingene av torskefangstene. Den beste beregningen av hva den effektive maskevidden har vært er gitt sammen med en beregning av hva den effektive maskevidden maksimalt kan ha vært. Nærmere forklaring i teksten.

Fiskeri	Effektiv maskev. (mm)	Maks. effektiv maskev. (mm)
<b>Østlige</b>		
<b>Barentshav</b>		
Sovjet-trål .. ..	90	93
Norge-trål .. ..	119	133
Storbrit-trål ...	113	122
<b>Vestlige</b>		
<b>Barentshav<sup>1)</sup></b>		
Sovjet-trål .. ..	111	114
Norge-trål .. ..	120	138
Storbrit-trål ...	113	127
<b>Hele</b>		
<b>Barentshavet</b>		
V.Tyskland-trål ..	113	116
Resterende trål <sup>2)</sup>	98	106
Snurrevad .. ..	107	119
Line og juksa ...	162	192
Garn .. .. .	218	239

<sup>1)</sup> Omfatter Bjørnøy—Spitsbergenområdet og Norskekysten.

<sup>2)</sup> D.v.s. alle nasjoner unntatt Norge, Sovjet, Storbritannia og Vest Tyskland.

Kilde: Report of the Arctic Fisheries Working Group, 1979.

### Krabbefisket som normalt Hummerfisket ned

De siste ti åra har fangsten av hummer gått stadig ned, og kom i 1978 ned i 70 tonn. Med det stadig tiltagende fiske i fredningstida er det rimelig å regne med at det neppe blir noen stigning i innmeldt kvantum i 1979.

Krabbefisket i 1978 ga 2 650 tonn og må regnes for normalt. Det er ikke noe som tyder på nedgang i krabbestanden.

### Forsøksfisket etter polartorsk bør fortsette

Norge har ikke drevet direkte fiske etter polartorsk siden 1972. Det er bare Sovjet som i dag utnytter denne bestanden i Barentshavet. I senere år har rekrutteringen i Svalbardområdet økt, derfor bør en fortsette forsøksfisket i dette området, går det fram av Ressursoversikten.

Polartorsken har i hovedsak gytt i de søraustlige områdene av Barentshavet, men i senere år har gytingen ved Svalbard blitt betydelig. I september -78 ble det registrert forholdsvis gode forekomster av voksen polartorsk i området mellom Hopen og Sørkapp. I november -78 ble en båt satt inn i leiting og forsøksfiske etter polartorsk, men det ble ikke funnet forekomster som var gode nok for kommersielt fiske. Et tilsvarende forsøk i mai i år ga også negativt resultat. Vi vet lite om hvor stor bestanden av polartorsk er, men trolig har den vært liten de siste 5—6 årene.

### Nær halvering av blåkveite-kvoten?

Det Internasjonale Havforskningsrådet har tilrådd at totalkvoten for norsk-arktisk blåkveite blir sett til 14 000 tonn i 1980. Totalkvoten for 1979 er 25 000 tonn.

Blåkveitebestanden har utvikla seg negativt i det siste. Fiskeinnsatsen i 70-åra har vore sterkere enn det som er nødvendig for eit fornuftig fiske. I førstninga av 1979 var bestanden av 4 år og eldre fisk truleg 70 000 tonn. Dette er berre kring 20 prosent av storleiken på bestanden i 1970.

I 1978 var totalfangsten av blåkveite 24 400 tonn av ein total kvote på 40 000 tonn. Noreg tok vel 4 000 tonn, medan Sovjet stod for 60 prosent av totalkvantumet. Samanlikna med åra 1973—76 har fangstane frå Norskehavet auka dei siste to åra, men fangstane ved Bjørnøya og Spitsbergen har derimot minka. Såleis har totalkvantumet gått ned sjølv om fiskeinnsatsen har stige.

# Framleis langt opp og fram til ein stor gytebestand av atlanto-skandisk sild

Men den sørlege delen av bestanden er i jamn vekst

Frå ein biologisk synsstad er det ikkje tilrådeleg å fiske atlanto-skandisk sild i 1979. Denne konklusjonen Ressursoversikten kjem knapt uventa. Havforskarane står fast på at dersom ikkje det kan finnast klare prov på at gytebestanden er i vekst, så er det heller ikkje biologisk grunnlag for å tilrå sildefiske. Slike prov finst ikkje. Tvert imot er gytebestanden blitt redusert frå 1977 til 1979.

I «Fiskets Gang» har vi tidlegare gjort greie for utviklinga av gytebestanden for atlanto-skandisk sild, og vi skal her berre ta med hovudpunkta i Ressursoversikten.

Sjølv med strenge reguleringar i 1970-åra har veksten i sildestammen gått svært sakte. I desse åra har silda dessutan endra livsmønster. Tidlegare beita den vaksne silda i Norskehavet mellom Island—Jan Mayen—Bjørnøya, men kom til Norskekysten for å gyte om vinteren. I 70-åra derimot har silda ikkje vandra ut i havet etter gytinga. Den har vore i norske kystfarvatn heile året.

Havforskningsinstituttet har eit

omfattande program for å følge utviklinga i sildestammen. Det blir gjennomført akustiske granskingar og biologisk prøvetaking på gytefelta om våren og på beiteområda om sommaren og hausten. Larveundersøkelser, merkeforsøk og akustiske mengdemål av 0-gruppe sild (mussa) i kyst- og fjordstrok i november/desember er andre viktige delar av kartleggingsarbeidet.

Det er slått fast at stammen av atlanto-skandisk sild i dag er delt i to hovuddelar. Den eine delen gyt på strekninga Buagrunnen—Lofoten og beitar i same område. Denne delen av stammen har over-

vintra i fjordane i Lofoten og på Nordmøre. Den sørlege delen av sildestammen gyt og beitar på Sunnmøre, og merkefunn viser at noko av denne silda også har vandra sørover til Hordaland. Om våren og sommaren er silda blitt registrert i spreidde førekomstar og mindre stimar. I overvintringsområdet derimot står den i svært tette konsentrasjonar og er såleis lett tilgjengeleg for fiske. Mengda av sild som er registrert på gytefelta i 1979 viser ingen auke i bestanden det siste året, heiter det i Ressursoversikten.

Heller ikkje produksjonen av larvar syner auke sidan 1977. Også dette tyder på at veksten i sildestammen har stagnert. Mengdemålingane av 0-gruppe sild (mussa) tyder heller ikkje på særleg auke i mengde og utbreiing av 0-gruppe sild.

## Merkeforsøka

Sidan 1975 har Havforskningsinstituttet gjennomført merking av sild. Silda er blitt merka i april—mai kvart år, og den er sett ut på stadar langs kysten frå Rundø til Altafjord. I februar/mars 1977, -78 og -79 vart det fiska 4 000, 5 000 og 7 300 hl kjønnsmoden sild for å få gjenfangst av merke. I 1977 vart det funne 17 merke, i 1978 43 og i 1979 70 merke. Gjenfangstane viser at den overvintrande silda i Lofoten går så langt sør som til Buagrunne for å gyte, medan silda som gyt på Sunnmøre synest å opphalde seg på Møre-/Trøndelagkysten heile året.

## Bestandsgrunnlaget

Storleiken av sildestammen er utrekna på grunnlag av talet på gjenfangstar i prøvfisket i åra 1977 til 1979, og alderssamansetninga i fangstane. I åra frå 1973 til 1976 heldt gytebestanden seg stort sett uendra på kring 100 000 tonn.

I 1977 var gytestammen om lag




Fig. 1: Gytestammen av norsk vårgytande sild 1950—1979.

dobla på grunn av god rekruttering frå 1973 og 1974 årsklassen. I 1977 var den nordlege delen av sildestammen om lag 10 gongar så stor som den sørlege.

Sidan 1977 har den totale gytebestanden gått tilbake på grunn av dårleg rekruttering i den nordlege delen av stammen og høg dødelighet (30 prosent). Ein hadde rekna med at 1975-årsklassen skulle gi bra rekruttering til gytestammen i 1979. 1975-årsklassen vart registrert som 0-gruppe sild hovudsakleg ved Møre/Trøndelag, og særleg i Trondheimsfjorden. Seinare granskingar viser at mesteparten av 0-gruppa i Trondheimsfjorden tilhøyrde ein lokal sildestamme, og vil derfor ikkje rekruttere til gytestammen av norsk vår-gytande sild. Årsklassa 1975 er såleis svakare enn ein først rekna med. 1976-årsklassen, som er den sterkaste årsklassen ein har målt som 0-gruppe, har ikkje i særleg grad blitt kjønnsmoden som 3 år gammal sild, men ein reknar med at ein del av denne årsklassen vil syte for ein del rekruttering til gytestammen i 1980.

Det er verd å merke seg at den sørlege delen av sildestammen har fått rekruttering både frå 1975 og 1976 årsklassen, og denne delen av sildestammen har såleis vakse jamnt sidan 1977 og utgjer nå kring 15 prosent av den totale gytestammen, går det fram av Ressursoversikten.

Tabell 1: Fangst i 1 000 tonn av atlanto-skandisk sild i åra 1950 til 1978.

År	Vintersild	Sommersild	Total	Småsild og feitsild	Total
1950	771,3	54,8	826,1	106,9	933,0
1951	889,3	104,9	994,2	284,2	1 278,4
1952	829,4	89,8	919,2	335,6	1 254,8
1953	678,6	171,3	849,9	240,7	1 090,6
1954	1 119,1	187,3	1 306,4	338,1	1 644,5
1955	1 004,4	213,1	1 217,5	142,3	1 359,8
1956	1 192,8	267,8	1 460,6	198,8	1 659,4
1957	856,5	291,8	1 148,3	171,2	1 319,5
1958	429,1	355,9	785,0	201,6	986,6
1959	510,2	372,9	883,1	228,0	1 111,1
1960	401,0	420,1	821,1	280,7	1 101,8
1961	146,3	351,6	497,9	332,2	830,1
1962	133,5	417,7	551,2	297,4	848,6
1963	132,8	538,0	670,8	313,7	984,5
1964	420,2	697,7	1 117,9	163,9	1 281,8
1965	391,2	934,6	1 325,8	221,9	1 547,7
1966	631,8	1 091,7	1 723,5	231,5	1 955,0
1967	458,8	672,7	1 131,5	545,7	1 677,2
1968	44,8	228,3	273,1	439,1	712,2
1969	20,5	3,6	24,1	43,7	67,8
1970	20,9	—	20,9	41,4	62,3
1971	6,9	—	6,9	14,2	21,1
1972	—	—	—	13,2	13,2
1973	—	—	—	6,8	6,8
1974	—	—	—	6,3	6,3
1975	—	—	—	3,1 <sup>1</sup>	3,1 <sup>1</sup>
1976	—	—	—	—	—
1977	0,4	—	—	12,8 <sup>1</sup>	13,1
1978	0,5	—	—	8,5 <sup>1</sup>	9,0

<sup>1</sup> Fangsten i 1975 og i 1977 består av både moden og umoden sild.

## Nordsjøsild-stammen viser uventa svak vekst

### Ikkje grunnlag for fiske i 1980

På trass av at det ikkje har vore lov å fiske nordsjøsild sidan 1. mars 1977 er denne stammen framleis liten. Nye undersøkelser viser dessutan at også dei yngste årsklassane er svake, og dermed blir også rekrutteringa dårleg. Det Internasjonale Havforskningsrådet (ICES) har derfor tilrådd at det skal vere forbod mot fiske etter nordsjøsild også i 1980. Men dersom dette forbodet skal verke slik som ønskjelig, er det heilt nødvendig at bifangstane av småsild blir haldne på eit minimum.

I 1978 vart det tatt bifangst av nordsjøsild på i alt 9 000 tonn, går det fram av Ressursoversikten. Men kontrollen med bifangst i industri-fisket er mangelfull, og den beregna fangsten er nok eit minimumskvantum. På same måte som i 1977 var fangsten i 1978 samansett av 95 prosent småsild (0- og 1-gruppe), dvs. umoden sild. Andre prøver stadfester at det for tida er lite eldre sild i Nordsjøen.

Gytebestanden i 1978 er beregna å vere 230 000 tonn. Dersom gyte-

stammen skal sikre jamn rekruttering bør den vere på kring 800 000 tonn. I 1980 er det elles planlagt eit større merkeforsøk i Nordsjøen.

### Skagerrak/Kattegat

Det er uklårt kva samanheng det er mellom silda i Nordsjøen og i Skagerrak/Kattegat. Både i Skagerrak og Kattegat finst det fleire lokale vår- eller haustgytande sildestammar, men området er også viktig for oppvekst av sild som stammar frå gyteområda i Nordsjøen.

Fangsten av sild i Skagerrak/Kattegat har i alle år hovudsakleg vore samansett av umoden sild. Dette kan få konsekvensar i oppbygginga av nordsjøsild-stammen, og ein har derfor prøvd å avgrense

fisket i Skagerrak og Kattegat så mykje som råd.

Danske og svenske forskarar rekna i 1978 med at gytebestanden i Skagerrak og Kattegat det året var 20 000 tonn. Det synest heilt klårt at ein så liten bestand ikkje har kunna gi grunnlag for den store fangsten av ungsild i dette området. Totalfangsten i Skager-

rak/Kattegat var om lag 88 000 tonn i 1978. Fisket må derfor vere basert på rekruttar frå andre gyteområde, særleg Nordsjøen. Disse rekruttane ville truleg ha utvandra til Nordsjøen i 2.—3. leveår.

Dei reguleringar som har vore tilrådd for Skagerrak og Kattegat har først og fremst tatt sikte på å avgrense fangsten av ungsild som

seinare blir rekruttert til Nordsjøen. Men dei reguleringstiltak som er sett i verk har ikkje ført til vesentleg reduksjon av ungsild-fisket.

For 1980 er det enno ikkje gitt tilråding om ein eventuell kvote i Skagerrak. Dette spørsmålet vil bli drøfta i oktober når resultatet frå granskingane i år ligg føre.

## Mot krise også for bestanden av nordsjømakrell?

Behov for en ny sterk årsklasse, men ingen i sikte

Som om det ikke er problemer nok med andre fiskeslag; nå er også bestanden av nordsjømakrell alvorlig truet. Derfor tilrår Det in-

ternasjonale Havforskningsrådet at det helst ikke bør fiskes makrell i Nordsjøen/Skagerrak i det hele tatt i 1980. En fangst på f.eks.

100 000 tonn i 1980 vil redusere gytebestanden til 330 000 tonn, og dette mener havforskernett er faretruende lite. Dersom det ikke kan




Fig. 1: Denne figuren viser fordelingen av det norske makrellfisket i 1978, angitt i 1 000 tonn.



# Ikke særlig lyse utsikter for loddefisket neste år

Både sommerloddefisket i år og vinterloddefisket i 1980 baserer seg hovedsakelig på 1976-årsklassen, med meget lite tilskudd av eldre og yngre lodde. Selv om 76-årsklassen er sterk, gir den alene ikke grunnlag for et så godt fiske som i topp-årene 1976/77, heter det i Ressursoversikten fra Havforskningsinstituttet.

Sommerloddefisket i 1980 og vinterloddefisket i 1981 vil måtte basere seg på 1977-årsklassen, med et noe usikkert tilskudd fra 1976-årsklassen. Hvis 77-årsklassen er så svak som det foreløpig ser ut til, vil ressursgrunnlaget for sommeren 1980/vinteren 1981 bli dårlig. Men etter at resultatene fra loddetoktet nå i september er klare, vil en få mer pålitelige opplysninger om styrken av 77-årsklassen. Foreløpig ser det ut til at også 78-årsklassen er meget svak. Men det har vist seg at vurderinger av størrelsen på årsklasser ved lavere alder enn to år er lite pålitelige. Derfor er det ennå for tidlig å trekke endelige konklusjoner om 78-årsklassen styrke.

## Reguleringer

Den blandede norsk-sovjetiske fiskerikommisjon anbefalte følgende reguleringer for 1979:

- 1) Norge kan i hele 1979 fiske 1 075 000 tonn, derav inntil 550 000 tonn under vinterloddefisket og USSR kan i hele 1979 fiske 725 000 tonn, derav 375 000 tonn under vinterloddefisket.
- 2) Det er *foreløpig* anbefalt en to-talkvote for sommeren 1979/vinteren 1980 på 1,8 millioner tonn.
- 3) Sommerloddefisket kan ikke åpnes før 15. august.
- 4) Fangstene må ikke inneholde mer enn 15 prosent (i vekt) av lodde som er under 11 cm.

Loddefisket i Barentshavet i 1978 ga et utbytte på ca. 1,8 millioner tonn. Dette var mindre enn i de to foregående årene. I 1978 tok Sovjet ca. 700 000 tonn mot 822 000 tonn året før. Reduksjonen i det norske fisket var mye større; 1 118 000 tonn i 1978 mot 2 099 000 tonn i 1977.

Tabell 1 viser utviklingen av loddefisket i Barentshavet fra 1964 og fram til i dag.

## Lodda ved Jan Mayen

Om lodda ved Jan Mayen heter det i Ressursoversikten at norske og islandske forskere har klarlagt at lodda som ble fisket ved Jan Mayen sommeren 1978 var fra den loddestammen som gyter ved Island. Dette utelukker ikke muligheten for at det også kan finnes en mindre lokal loddestamme som gyter ved Jan Mayen, heter det.



Norske loddefiskere må belage seg på magrere år. Dette er «Gangstad Jr.» fotografert på loddefeltet av Jan Henrik Nielsen.

Tabell 1. Årlig fangst av lodde (i tonn) fra Barentshavet i årene 1964—1979.

År	Norge			USSR	Andre land
	Vinter	Sommer	Totalt		
1964	19 626		19 626	50	50
1965	217 324		217 324	7 200	
1966	379 626		379 626	9 400	
1967	402 819		402 819	5 700	
1968	482 783	39 388	522 171	15 400	
1969	435 816	243 119	678 935	500	
1970	968 668	332 190	1 300 858	13 057	
1971	1 302 717	68 990	1 371 707	20 832	
1972	1 207 596	347 011	1 554 607	37 004	
1973	1 085 980	204 846	1 290 826	45 007	
1974	745 567	239 951	985 518	162 495	42 886
1975	556 107	358 602	914 709	431 314	418
1976	1 231 000*	718 000*	1 949 000*	596 208*	
1977	1 398 000*	701 000*	2 099 000*	821 542*	
1978	769 000*	349 000*	1 118 000*	700 000*	
1979	543 675*				

Kilde: Norge Feilsildfiskernes Salgslag  
USSR Bulletin statistique des Peches Maritimes  
\* Foreløpige tall

## Brislingkvotene trolig på samme nivå i 1980 som i år

Trolig vil Det Internasjonale Havforskningsrådet anbefale en totalkvote på 400 000 tonn brisling i Nordsjøen for 1980. Dette er samme kvote som i 1979. I områdene Skagerrak, Kattegat og norske fjorder sør for Stad er det grunn til å tro at kvoteanbefalingen vil ligge på 70—80 000 tonn som i foregående år.

Brislingen i Nordsjøområdet deles gjerne i to store bestandsgrupper, en i Nordsjøen og en i Skagerrak/Kattegat og norske fjorder sør for Stad. I 1978 ble det i alt tatt 380 000 tonn brisling i Nordsjøen. Det siste tiåret har fangsten variert fra 63 000 tonn i 1970 til 641 000 tonn i 1975. I 1978 utgjorde Dan-



Brislingkvotene blir trolig omtrent de samme i 1980 som i 1979.

mark sitt fiske over halvparten av kvantumet slik det har vært vanlig også i tidligere år. Den norske fangsten i Nordsjøen i 1978 var ca. 88 000 tonn, da er ikke fisket i fjordene regnet med.

I Skagerrak/Kattegat har fangsten endret seg mye det siste tiåret. Fisket i Kattegat har fått mye større omfang de siste årene, og har utgjort 60—80 prosent av totalfangsten. I Skagerrak/Kattegat og vestnorske fjorder har fangsten variert fra ca. 19 000 tonn i 1969 til 112 000 tonn i 1975.

Ressursoversikten slår fast at for en så kortlevd fisk som brislingen er det vanskelig å foreta bestandsberegninger på grunnlag av fangstopp-gaver og biologiske prøver. Slike beregninger vil i alle tilfelle være lite nyttige til å fastsette fangstkvoter. Årsaken er at en vet lite eller ingenting om størrelsen av 0-gruppen på det tidspunkt beregningene foretas, og det er 0-gruppen som et halvt års tid senere danner grunnlaget for en meget stor del av fangsten, heter det i Ressursoversikten. Det arbeides med å forbedre beregningene, bl.a. med akustiske undersøkelser. Men foreløpig har det ikke vært mulig å utføre nøyaktige beregninger over hvor stort fiske brislingbestanden kan tåle. Havforskningsrådet har likevel anbefalt at totalfangsten i Nordsjøen ikke bør være mer enn 400 000 tonn i 1979. Dette er gjort for å gardere seg mot et overfiske som ville kunne føre til sammenbrudd i bestanden.

## Veksande interesse for fiske av ål

Dersom ikkje den strenge vinteren har verka skadeleg på ålestammen er det grunn til å rekne med ein fangst på 3—400 tonn i 1979, heiter det i Ressursoversikten. Dette er om lag som normalt dei siste åra.

Sist vinter vart det sett ein god del død havål langs kysten på Vestlandet, noko som ein trur skuldast den svært låge sjøtemperaturen sist vinter. Om dette også har verka inn på vanleg ål, er det ikkje råd å seie enno. Det ser elles ut til at interessa for ålefiske er veksande.

# Forslag om ein viss reduksjon av sei-kvotane i 1980

For seifisket nord for 62 grader nord har havforskarane gjort framlegg om ein kvote på 129 000 tonn i 1980. Dette er ein reduksjon på 24 000 tonn i høve til tilrådinga for 1979. Også for seifisket i Nordsjøen er det tilrådd ein kvote på 129 000 tonn i 1980, medan totalkvoten i år er på 200 000 tonn. Førøbels ser det ikkje ut til at 1979-kvoten kjem til å bli oppfiska.

## Nord for 62 grader

Fram til 1974 låg gytebestanden av sei nord for 62 grader på eit høgt nivå. Etter 1974 har den blitt sterkt redusert, og i 1977 var det komen ned i 228 000 tonn. Det er venta ein svak auke i gytebestanden, opp mot 280 000 tonn i 1980, men dersom ikkje fisket vert redusert, ventar ein ny nedgang i 1981. Det er eit rimeleg mål å bygge opp gytebestanden til om lag 400 000 tonn. Dette krever monaleg reduksjon i fisket. Det vil vere mest effektivt å redusere fisket på dei yngste aldersklassene, og det tyder at det norske notfisket må redusere. Dersom notfisket forsvinn, vil langtidsutbyttet kunne auke med ca. 20 prosent utan at fangsttinsatsen med dei andre reiskapa vert forandra.

Seien som vert fiska med not på norskekysten er monaleg mindre på Vestlandet enn i Finnmark, og det er ein gradvis auke i storleiken til lenger nord ein kjem. Notfisket er såleis meir urasjonelt sørover langs kysten, og regulering av notfisket på Vestlandet vil ha større positiv effekt enn tilsvarende regulering i Nord-Noreg. Men dette gjeld samla for seien i Nordsjøen og nord for 62 grader. Tendensen til å vandre sørover og ut i Nordsjøen blir mindre nordover på kysten. Det er ikkje vanleg at sei nord for Lofoten vandrar sørover. Etter alt å døme vil mesteparten av den umodne

seien som vandrar ut i Nordsjøen også gyte der. Dette fører til at reguleringar av notfisket på Møre og Trøndelag ikkje vil ha særleg innverknad på gytebestanden nord for 62 grader som i hovudsak blir rekruttert frå Nord-Noreg. Derfor er det nødvendig med regulering av notfisket også i Nord-Noreg dersom gytebestanden nord for 62 grader skal byggast opp.

## Sei i Nordsjøen

Fram til 1973 auka gytebestanden av sei i Nordsjøen sterkt, men har seinare minka, og kom ned i 257 000 tonn i 1977. I 1979 ligg gytebestanden på 327 000 tonn. Men vurderinga av gytebestanden er usikker, og det er ikkje sikkert at situasjonen er så god som ønskjeleg. Det skulle likevel ikkje vere grunn til å vente svikt i rekrutteringa på grunn av for liten gytebestand.

Det blir fiska mindre småsei i Nordsjøen enn nord for 62 grader, men fisket er likevel for stort til å gi maksimalt langtidsutbytte. Variasjonane i dei ulike årsklassane er større enn nord for 62 grader, men elles har dei mange felles trekk. Den rekordsterke 1973-årsklassen er nå blitt 6 år, og betyr ikkje lenger så mykje for totalutbyttet, men den har framleis mykje å seie for gytebestanden. Årsklassene 1974—78 ser ut til å vere mindre enn gjennomsnittet.





Fig. 1: Sei nord for 62 grader nord. Gytebestanden og årsklassestykke.





Fig. 2: Nordsjøsei. Gytebestand og årsklassestyrke.

## Hysebestanden er overvurdert, — gytebestanden farlig lav i 1980

Gytebestanden av norsk-arktisk hyse kommer til å bli farlig lav i begynnelsen av 1980. Reguleringen for 1980 må derfor ha som mål å gjenoppbygge bestanden meget raskt. Dette kan bare skje ved at totalkvoten for 1980 settes meget lavt, går det fram av Ressursoversikten.

Beregninger i 1979 har vist at gytebestanden i 1978 og tidligere år er blitt sterkt overvurdert. Grunnen til dette er at en vurderte høye beregninger av den internasjonale fiskeinnsatsen i 1977 som gale. Videre ble kvoten for 1977 ikke tatt,

dette ble tolket som om fiskeinnsatsen var redusert og ikke som om bestanden var redusert. I tillegg var 1975-årsklassen trolig overvurdert på grunnlag av sovjetiske ungfiskundersøkelser.

På denne bakgrunn har havforskerne anbefalt en totalkvote på 50 000 tonn, men det vil neppe bli fisket mer enn 140 000 tonn. Havforskerne tilrår også forbud mot direkte hysefiske neste år. 50 000 tonn er trolig ikke mer enn det som vil bli tatt som bifangst i torskefisket.



# Bra bestand av torsk, hyse og kviting i Nordsjøen

Langt fram før Noreg tar kvotane sine



I 1978 tok norske konsumfiskere berre 9 prosent av torsk-, hyse- og kvitingkvoten i Nordsjøen.

For 1980 har Det Internasjonale Havforskningsrådet tilrådd følgjande kvotar for torsk, hyse og kviting i Nordsjøen (kvotane for 1979 i parentes):

Torsk	200 000 tonn (247 000 tonn)
Hyse	66 000 tonn ( 83 000 tonn)
Kviting	100 000 tonn (111 000 tonn)

1979-kvotane for torsk og kviting er reviderte kvotar. Dei første framlegga gjekk ut på 183 000 tonn og 85 000 tonn. I Ressursoversikten blir det peika på det betenkelege i å auke 79-kvotane, særleg fordi kvotane må settats ned igjen i 1980. Det ville vore betre å auke kvotane berre så mykje at kvotane for 1979 og 1980 hadde blitt like store. Årsaka til at torsk-kvoten for 1979 vart auka, er at 1976-årsklassen truleg er sterkare enn det ein først rekna med.

